



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
052/19	Kommunestyret	05.09.2019

Kommunedelplan Tyinkrysset - sluttbehandling

Vedlegg:

15.04.2019	KommunedelplanTyinkrysset 2020-2024 - behandling før høyring og ettersyn	134896
31.08.2019	2015003_Konsekvensutgreiing_til sluttbehandling	141076
31.08.2019	2015003_Planomtale_til sluttbehandling	141077
31.08.2019	2015003_ROS_til sluttbehandling	141078
31.08.2019	2015003_SVV_notat og KU	141079
31.08.2019	Motsegn_NVE Oppfordring om trekk av motsegn - Kommunedelplan for Tyinkrysset (L)(296945)	141080
31.08.2019	Motsegn_Oppland fylkeskommune Oppfordring om trekk av motsegn - Kommunedelplan for Tyinkrysset (L)(296957)	141081
31.08.2019	Motsegn_Statens Vegvesen Oppfordring om trekk av motsegn - Kommunedelplan for Tyinkrysset (L)(296928)	141082
31.08.2019	Plankart_2015003_A0	141083
31.08.2019	Plankart_2015003_A0_formål	141084
31.08.2019	Plankart_2015003_A0_formålgrense	141085
31.08.2019	Plankart_2015003_faresoner	141086
31.08.2019	Rammeplan_VA_Tyinkrysset_2019_notat	141087
31.08.2019	Rammeplan_VA_100_oversikt_E09	141088
31.08.2019	Rammeplan_VA_100_oversikt_E09_med_5m-koter	141089
31.08.2019	Rammeplan_VA_300_systemskisse_E09	141090
31.08.2019	Rammeplan_VA_Kostnadsoverslag	141091
31.08.2019	Høyringsfråsegn_samla_kdpl_Tyinkrysset	141092
03.09.2019	Merknadsrapport kdpl Tyinkrysset	141176
04.09.2019	2015003_Føresegn_til sluttbehandling	141269

Saksopplysningar

Føremålet med kommunedelplanen for Tyinkrysset er å leggje til rette for at Tyinkrysset kan bli ein stor, heilårs reiselivsdestinasjon. Kommundelplanen skal syne hovudtrekka i arealdisponeringa, rammer og føresetnadar for nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk, samt kva omsyn ein må ta ved disponering av areala, jf. pbl. § 11-5, andre ledd.

Forslaget til arealdisponering i ny kommunedelplanen tek utgangspunkt i den overordna masterplanen som er utarbeidt for området. Denne syner utviklingsområde, skinedfartar og teknisk infrastruktur som skiheisar, og er utarbeidt av det kanadiske konsulentselskapet Ecosign. Ecosign har prosjektert over 400 ulike skidestinasjonar i over 40 land, og er blant dei fremste selskap i verda på destinasjonsplanlegging.

Planforslaget vart fyrstegongs behandla i kommunestyret 11.04.2019 i sak 011/19(saksutgreiing og vedtaket ligg ved denne saka). Kommunestyret vedtok å fremje saka, sende den på høyring og legge den ut til offentleg ettersyn.

Høyringsfråsegn

Planforslaget vart lagt ut til offentleg ettersyn i perioda frå 15.04.2019 til 28.05.2019. I same periode vart forslaget sendt til høyring hjå regionale og statlege myndigheter, grunneigarar og grunneigarlag som planforslaget ville få konsekvensar for, næringsdrivande og hytteigarar innanfor planområdet. Den 15.05.2019 vart det halde eit ope møte på kommunehuset. Oppmøtet var lågare enn venta, men det vart eit konstruktivt møte med gode spørsmål og drøftingar kring planforslaget.

Samla vart forslaget sendt til over 600 ulike personar og rørde partar, og det kom totalt inn 22 fråsegner. Ved saka fylgjer ein merknadsrapport med rádmannens kommentar til alle fråsegn og motsegn. Ved saka fylgjer og ei samlefil med alle høyringsfråsegnna i si heilskap. Høyringsfråsegnna i denne fila ligg kronologisk etter kva tid dei vart sendt over til kommunen. Hovudtrekka i fråsegnna er referert nedanfor.

Utviklingsområder kring Tyinkrysset

Fleire av hytteigarane, særskilt innanfor dei områda som no er føreslege som utviklingsområde, er kritiske til ny kommunedelplan og stiller spørsmål ved kva type destinasjon Tyin/Filefjell skal vera. Nokre er kritiske til bygging opp til 1080moh., og det kjem fram at dei meiner at området får redusert verdi ved fortetting av eksisterande hytteområde, vinterbrøyting av veg og etablering av skiheis, og at dei verdiane dei verdset i området blir redusert. Nokre meiner at Tyin/Filefjell må vera noko anna t.d. Myrdalen, Geilo, Hemsedal, m.v., medan andre meiner at Tyin/Filefjell må bygge seg opp til å bli ein destinasjon som fremmar investeringslyst, er attraktiv og som kan bli ein heilårs reiselivsdestinasjon.

Stigar, løyper og fleire aktivitetar

Det blir påpeika at planforslaget er noko einsidig retta mot alpint og manglar tydige forslag på andre aktivitetar og reiselivstilbod, og at det bør utarbeidast ein overordna sti og løypeplan. Det er kome forslag på ei større tidligløype som kan nyttast sumar- og vinterstid, samt arena for skiskyting. Sykkel burde og bli eit satsingsområde. Det blir påpeika at langrenn er eit særskilt viktig tilbod for Tyinkrysset, men at det gjev relativt sett lite omsetning og få nye arbeidsplassar innanfor reiselivsnæringa. Det er og værmessige utfordringar med langrennsløyper høgt til fjells som gjer at Tyinkrysset ikkje kan tilby dei same langrennstilboda som t.d. på Vaset eller Sjusjøen.

Manglande føreseielegheit og aktivitet

Fleire minnar om kor uheldig det har vore med bygge- og deleforbod innanfor planområdet i lengre tid, og at dette har hatt mykje å seie for stagnasjonen i utviklinga av området. Fleire er kritiske til opphevinga av eksisterande reguleringsplanar og at det er noko uklårt kva som vil skje vidare med desse områda. Det blir og stilt spørsmål om kommunen har ein skjult agenda ved å oppheve enkelte planar, og at forslaget til kommunedelplan ikkje har lagt inn tilstrekkeleg utviklingsareal.

Økonomi og rekkefylgjekrav

Det blir påpeika at det må vera samanheng mellom storleiken på større investeringar og tilstrekkeleg areal til utvikling, og at det må vera realisme i planen. Fleire ynskjer at rekkefylgjekravet skal takast ut av planen, og/eller at deira areal ikkje blir innbefatta under omsynssone H410 og rekkefylgjekravet i føresagn 8.2. Nokre meiner at kommunen må utarbeide fleire økonomiske analyser og vurderingar i samband med planlagt utvikling. Andre meiner at bruk av rekkefylgjekrav vil sikre naudsynt samarbeid og ynskjeleg utvikling av området.

Tilnærming til ny kommunedelplan

Fleire referer til arbeidet i referansegruppa vinteren og våren 2018 og meiner dette burde vore kommentert meir utfyllande i planen, og at heile masterplanen burde vore innarbeidt i ny kommunedelplan. Medan andre meiner forslaget er ei fornuftig tilnærming med øvre byggegrense og fortetting og utviding av eksisterande område. Fleire meiner det er fornuftig med ei *to-delt tilnærming*, då innarbeiding av heile masterplanen med tilhøyrande utviklingsområder vil vera kostnadskrevjande og ta lang tid, medan at ein med dette forslaget legg opp til ei realiserbar og økonomisk berekraftig utvikling. Det blir påpeika at dersom forslaget til ny kdpl blir vedtak, så må ein gå i gang med arbeidet med vidare utvikling av Tyinkrysset i samsvar med masterplanen så snøgt utviklinga på sørsida av E16 er i gang, i samsvar med det kommunen har uttala tidligare.

Motsegn

Kulturminner

Oppland fylkeskommune fant at omsynet til automatisk freda kulturminne ikkje var tilfredsstillande sikra i planforslaget, og fremma difor motsegn grunna konflikt mellom arealføremål og kulturminner. Rådmannen har gjort endringar i både plankart og føresegn for å imøtekommе dei. Det er og lagt inn to nye større omsynssoner for bevaring av kulturmiljø på Gamlestøga og ved St.Thomaskyrkja. Endringane som er føretake kan ein sjå i brevet til Oppland fylkeskommune som ligg vedlagt saka.

Samfunnssikring

NVE fremma motsegn til planforslaget då omsynet til naturfare og overvatn ikkje var tilstrekkeleg ivaretake. Rådmannen har oppdatert faresonane i plankartet og justert føresegna for å imøtekommе dei. Endringane som er føretake kan ein sjå i brevet til NVE som ligg vedlagt saka.

Statens Vegvesen fremma motsegn til avsett trasé for kryssing av E16 med Andstorheisen grunna manglende konsekvensutgreiing med vurdering av trafikktryggleik og påverknad på drift og vedlikehald av eksisterande vegsystem. Dei meinte det var lite informasjon om stolheisen med tilhøyrande kryssing i planmaterialet, og det var difor ynskjeleg med ei betre grunngjeving av kvifor Andstorheisen med tilhøyrande kryssing av riksveg er ein viktig del av kommunedelplanen. Dei ønskte og ein målsett illustrasjon av eit eventuelt sikringstiltak. Rådmannen har utarbeidt eit eige notat med konsekvensutgreiing som ligg vedlagt saka, og som skal vedtakast av kommunestyret. Notatet inneholdt bakgrunn for planforslaget og planlagt kryssing, ei utgreiing av trafikale og trafikkmessige konsekvensar, alternative løysingar til kryssing, illustrasjon av eit tenkt sikkerheitstiltak og justerte føresegn for å sikre at trafikktryggleiksmessige omsyn blir tilstrekkeleg ivaretake for kryssinga av E16.



Bilete 1: Illustrasjonsbilete frå notatet

Nye opplysningar sidan førre planbehandling

Rammeplan for vassforsyning og avløp for Tyinkrysset som vart utarbeidt i 2012 er no revidert som følgje av endringar i utbyggingsområder og tilpassa desse, samt at det var naudsynt å oppdatere rammeplanen med det arbeidet som er utført til no. Mellom anna er nytt reinseanlegg sett i drift, og nytt vassverk og nytt høgdebasseng på Grøvstølen under etablering.

Vedlagt saka ligg:

- Rammeplan VA Tyinkrysset 2019 notat
- Rammeplan VA kostnadsoverslag
- Rammeplan VA 300 systemskisse
- Rammeplan VA 100 oversikt med 5m høgdekvoter
- Rammeplan VA 100 oversikt utan høgdekvoter

Kvar utbyggingsområde er gjeve eit nummer, men det er ikkje presisert rekkefylgja på områda som skal byggast ut. Som det står i rammeplanen er fleire av utbyggingsområda avhengig av at VA-løysing i andre delområde er etablert før dei kan byggast ut. Sjå tabell nedanfor:

Delområde	Navn	Avhengig av at VA-løsninger er etablert i følgende delområder:
1	Andstor	1 (+2+3)
2	Bøastølen	2+3
3	Steinhaus	2+3
4	Vesleåne	1+3+4
5	Synhaug	1+3+5
6	Skaftneverhamarn	6
7	Skørsnøse	7
8	Bjørdalslie	7+8

I rammeplanen er det gjort vurdering av naudsynt storleik på høgdebasseng basert på


eksisterande einingar og estimert nye, og det er sett opp eit grovt kostnadsoverslag over anleggskostnadane for dei enkelte etappane.

Endringar etter fyrstegongs behandling


Dei viktigaste endringane etter fyrstegongs behandling er:

Kulturminner

Plankartet er oppdatert med nytt uttrekk frå Askeladden, og samtlige konfliktområde mellom arealføremål og kulturminne er justert. Fleire omsynssoner er utvida, og omsynsona for Kongevegen ved Grihamarstølen er utvida og deler av arealføremålet på nordsida av kongevegen er endra til LNFR.




Vidare er det lagt inn to nye omsynssoner ved Gamlestøga og St. Thomaskyrkja, samt at føresegns 7.3 og 7.4 er oppdatert:





Samfunnssikring

Faresonar for kartlagte(reelle) og potensielle faresonar er oppdatert i plankartet, og føresegna er justert ihht. til dette. Det er utarbeidt eit tematisk kartutsnitt som skal vedtakast.



Det er utarbeidt eit notat med KU til Statens Vegvesen som skal vedtakast, og det er gjort justeringar i føresegn 4.1.6

Reguleringsplan for Synaug er føreslege vidareført og har fått omsynsone H910_23, jf. føresegn 7.6. Rådmannen presiserer at Synaug framleis har omsynssone H810_8 ved krav om detaljregulering jf. føresegn 3.2, og ligg innanfor omsynssone H410_1 jf. føresegn 8.2.

Det er elles mindre justeringar i føresegna. Desse er markert med raudt.

Rådmannen vurderer det til at dei endringane som er gjort i planen(kart og føresegn) ikkje er av ein slik storleik/omfang at det er naudsynt med ei ny høyringsrunde.

Vurdering:

Lovheimlar

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-15 blir saka lagt fram til vedtak for kommunestyret

Elektronisk versjon av plankartet

Rådmannen har kvalitetssikra den elektroniske versjonen av plankartet.

Ny vurdering etter vassforskrifta

Ihht. vassforskrifta § 12 skal kommunen som myndighet for sine vassdrag vurdere om ny aktivitetar eller nye inngrep i eit vassdrag vil føre til at vassdraget sitt kjemiske eller økologiske mål ikkje nåast, eller om vassdraga blir forringa.

Begnavassdraget renn gjennom planområdet, og er på denne strekninga verna mot ytterligare regulering ihht. verneplan for vassdrag. I samband med arbeidet med vassforskrifta og klassifiseringa av alle vassførekomstane er hovudvassdraget i planområdet, øvre deler av Begna og Otrøvatnet, klassifisert som «sterkt modifiserte vassførekomstar». Her skal «godt økologisk potensial» nåast i 2021. Hovudvassdraget er her klassifisert som «moderat» pga. reguleringa (dam, mangel på fiskevandringar og mangel på minstevassføring).

Omsyn i planområdet som kan påverke Begnavassdraget og Otrøvatnet er overvatn og vatn- og avløp. Overvatn skal jf. føresegna til planen handterast lokalt. Vatn- og avløpsanlegg skal bli godkjent av kommunen, jf. føresegen 6. Omsynssona mot mindre vassdrag pga. av flaum er sett til 20 meter, medan NVEs aktsemndskart er lagt til grunn for oppdatert omsynszone for større vassdrag(nedbørssfelt over 20km²). Dette vil vera positivt for å redusere inngrep nær vassdrag.

Rådmannen vurderer det til at kommunedelplanen ikkje vil påverke dei ulike vassdraga innanfor planområdet sin økologiske status, og ein gjer difor ikkje vidare drøftingar om vilkår for ny aktivitet eller inngrep, jf. vassforskrifta § 12.

Ny vurdering ihht. naturmangfaldlova

Ihht. naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i lova §§ 8 til 12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndighet, og vurderinga skal koma fram av avgjerdta.

For å ha eit godt kunnskapsgrunnlag for å vurdere konsekvensane av tiltaket, jf. §8, er det gjort søk etter informasjon om førekomst av evt. verdifulle naturmiljø, raudlisteartar, utvalde artar eller –naturtypar i Miljødirektoratet sin naturbase og Artsdatabanken sine artskart.

I planområdet er det registrert både truga artar og artar av særleg stor forvalningsinteresse (sjå figur 2 i planomtala). Tabell 1 i vedlegg 1 i planomtala gjev ei oversikt over artane, der det er 20 ansvarsartar og 12 raudlista artar (1 sterkt trua (svarthalespove), 2 sårbare (bergand og lappspurv) og 9 nært trua).

Det er derimot ikkje registrert truga artar eller artar av særleg stor forvalningsinteresse innanfor avgrensinga og forslaget til nye utbyggingsområder i kommunedelplan. Rådmannen vurderer at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for å fatte ei avgjerd utan at ein påfører naturmangfaldet alvorleg og/eller irreversibel skade. «Føre-var-prinsippet» kjem difor ikkje i bruk.

Kommunedelplanen medfører auka utvikling av Tyinkrysset sentrum og ein del omdisponering av LNFR-areal til utbyggingsføremål. Likevel sjåast ikkje prinsippa i §§10 (om samla belastning), 11 (om at kostnadane ved verdiminking av miljøet skal berast av tiltakshavar) og 12 (om miljøforsvalige teknikkar og driftsmetodar) på som relevante her.

Samla vurdering

Det er gjort endringar i planforslaget for å imøtekomme motsegn frå regionale- og statlige myndigheter. Det er også gjort endringar i plankart og føresegns som tek omsyn til innkomne fråsegn.

Av dei større endringane er at reguleringsplanen for Synhaug blir føreslege vidareført med omsynssone H910_23, jf. føresegns 7.6, men at planen framleis blir liggande med omsynssone H810_8(jf. føresegns 3.2) med tilhøyrande rekkefylgjekrav til omsynssone H830_1(vurderinga av tilkomstveg og bru) samt at den også ligg innanfor omsynssone H410_1 jf. føresegns 8.2. Planen er føreslege vidareført for å sikre at ein har nokre reguleringsplanar i planområdet med tilgjengelige tomter.

I øvre del av Synhaug er det ikkje samsvar mellom reguleringsplan og masterplanen. Rådmannen vil tilrå at utviklar tek omsyn til arealdisponeringa til masterplanen på eige initiativ, sjølv om dette ikkje er ønsket i høyringsfråsegnet. I arbeidet med utarbeiding av detaljregulering for VA i feltet ytra utviklar ønske om ei todelt tilnærming til utvikling av feltet med fokus på utvikling av nedre del først. Jf. revidert rammeplan for VA kan då deler av Synhaug utviklast innanfor *lågaste* trykksone.

Vedrørande byggeklare område vil rådmannen minne om Tindesyn i øvre Gudbrandslia som er under utvikling, samt øvre del av Børrelia som ligg inne i godkjent reguleringsplan men som førebels ikkje er utvikla. Desse, saman med deler av Synhaug, burde vera tilstrekkelege utviklingsområder i planområdet inntil ein kjem i gang med behandling og utvikling av reguleringsplanar i og rundt Tyinkrysset.

Ein mangel ved planforslaget som rådmannen ser seg samd i, er at det er for lite fokus på utgreiing og utvikling av alternative aktivitetar som t.d. sykling, klatring, zipline, aktivter- og leikeområde, m.v. Rådmannen vil difor tilrå at ein etter vedtak av ny kommunedelplan jobbar med å få utarbeidet ein overordna sti, løype, sykkel- og aktivitetsplan som kan takast omsyn til ved seinare detaljreguleringar.

Vedlagt planforslaget ligg revidert rammeplan for VA. Denne tek no høgde for dei investeringane som er gjennomført dei siste åra, no sist med nytt vassanlegg, hovudleidning opp til Grøvstølen og nytt høgdebasseng ved Grøvstølen. Rammeplanen legg opp til ei suksessiv utvikling etter trykksonar, og gjev i så måte ei god styring og etappevis utvikling av området.

Ved utviklinga av Tyinkrysset meiner rådmann det vil kunne vera uheldig dersom ein opnar opp fleire hyttefelt for sal samstundes innanfor t.d. same marknadssegment. Dette vil kunne føre til intern konkurranse, lågare salstakt og dårligare internrente for dei enkelte reguleringsfelt. Med rammeplanen vil dette automatisk avgrense seg noko til utvikling etter trykksonane, samt at den fordrar til samarbeid om fordeling av kostnadane.

I høyringsfråsegna blir det fremma ønske om at heile masterplanen skal innarbeidast i ny kommunedelplan, og i kommunestyret 11.04.2019 då planforslaget vart laget ut til høyring vart det fremma eit alternativ forslag til vedtak:

«Forslag til ny kommunedelplan Tyinkrysset med plan – ID:2015003 blir forkasta.

Kommunestyret bestiller nytt forslag til kommunedelplan Tyinkrysset, der heile arealet tilhørende forslaget til masterplan legges til grunn. Forventningen er at dette skal vere klart snarest og senest 1 år frå dags dato.

Gjeldende kommunedelplan Tyinkrysset og eksisterande reguleringsplaner er da verktøyet administrasjonen i Vang kommune må forhalde seg til fram til ny kommunedelplan Tyinkrysset er vedtatt.»

Rådmannen ynskjer å kommentere dette alternative forslaget. Dette er heilt klart eit alternativ, men som det kjem fram av sak 011/19(behandling før høyring og ettersyn) er det godt grunngjeve kvifor ei to-delt tilnærming vil vera fornuftig. Dersom heile masterplanen skal jobbast inn er dette noko som naturleg vil ta lang tid. I mellomtida må ein behandle nye reguleringsplanar etter *gama*/ kommunedelplan som er vedtaket etter gamal plan- og bygningslov. Dette i seg sjølv er mindre effektivt.

Eksisterande kdpl er ikkje oppdatert på kulturminner, faresoner og viktige omsynssoner. Den er heller ikkje i samsvar med arealdisponeringa i masterplanen, og det kan fylgjeleg fremmast reguleringsplaner som kan gjera gjennomføringa av masterplanen vanskeleg, då kommunen som planmyndighet ikkje har styringsverktøyet som vil sikre denne. Eksisterande hytter utanfor regulerte område vil i mellomtida heller ikkje få oppdatere føresegn for utnytting.

Så er det og eit spørsmål om bruk av dei kommunale ressursane. Innarbeiding av heile masterplanen er eit særskilt omfattande arbeid som vil legge beslag på mykje av ressursane til planavdelinga. Ein kan sjølvsagt fremme ynskje om maksimal behandlingstid(1 år), men i realiteten syner det seg med gjeldande planprosessar at det er vanskeleg å datere ei ferdigstilling. Syner mellom anna til saka i Eidfjord med avgjersle i departementet etter fleire år med ankebehandling.

Ein risikerer vidare at andre reguleringsplanar og utviklingsområde i kommunen må vente, samt at revidering og utarbeiding av andre kommunale planar må utsettast. Eit forslag er å sette ut arbeidet med kommunedelplan for Tyinkrysset til eit konsulentelskap, men erfaringa frå andre kommunar tilseier at dette ikkje tek kortare tid, er like mykje arbeid for kommunen og blir vesentleg dyrare.

Rådmannen syner og til høyringsfråsegna frå regionale og statlige myndigheter. Der stillast det allereie spørsmål til tomtereserven ein legg opp til med gjeldande planforslag. Tomtereserven blir i stadig sterkare grad take fram som eit element som skal vurderast og grunngjenvart i planarbeid. Dette såg ein seinast i motsegnat til sentrumsplanen for Vang der det måtte leggast mykje arbeid i ei bustadanalyse for å synleggjera behovet for bustader som områdereguleringa la opp til. Rådmannen meiner det difor vil vera ei stor oppgåve å argumentere for ein kommunedelplan som samla sett legg opp til 16000 senger. Til orientering syner ei kartlegging at det er om lag 900 regulerte tomter med fritidsføremål som er ubebygd i Vang.

I planforslaget ligg det inne fleire rekkefylgjekrav som vil sikre både tilkomstvegar, bruer og investering i infrastruktur som skiheis. Andstorheisen saman med tilbringer-/barneheis til Tyinkrysset er ei vesentleg investering, men likevel ein solid reduksjon frå det som låg inne i opprinnelig fase ein. Med rekkefylgjekravet vil ein sikre at ein får inn utviklarar som tenkjer langsiktig, byggjer opp eit reiselivstilbod som vil sikre både vinter- og sumaraktivitetar, aukar attraktiviteten til området og som vonleg ynskjer å utvikle Tyinkrysset vidare til det beste både for grunneigarar, hytteeigarar, næringsliv og kommunen samla sett.

Rådmannen ynskjer å presisere kva som ligg i omgrepet *sikra etablert*, jf. føresegn 8.2, første punkt. I *sikra etablert* ligg det implisitt at rekkefylgjekravet ikkje treng vera gjennomført/ferdig bygd, men at det er sikra at det blir etablert. Dette er ei noko meir fleksibel tilnærming som oftast blir nytta ved større tiltak. Forutsigbarheita for å oppfylle rekkefølgjekravet skal klart vera tilstades, og dette vil knytte seg særskilt til om rekkefølgjekravet er fullfinansiert.

Med dette planforslaget meiner rådmannen at kommunen legg til rette for ei framtidsretta utvikling av Tyinkrysset som tek høgde for arealdisponeringa i masterplanen, sikrar lokal verdiskaping og arbeidsplassar innanfor byggenæring og øvrig reiseliv. Planforslaget vil og vera eit godt og effektivt styringsverktøy for vidare areal- og bygesaksbehandling i kommunen.

Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor tilrår rådmannen at planforslaget Kommunedelplan for Tyinkrysset og plan-ID: 2015003 blir vedtak.

Framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret støttar seg på rådmannen sine vurderingar av naturmangfaldlova § 7, jf. §§ 8-12, samt vurderingane til vassforskrifta § 12. Kommunedelplan for Tyinkrysset med plan-ID:2015003 med tilhøyrande reguleringsføresegn Notat medd KU blir vedteken jf. plan- og bygningslova § 11-15.
2. Ved vedtaket av 2015003 opphevast fylgjande planer i si heilskap:
 - Tyinkrysset (plan-ID: 0545R024)
 - Tyinkrysset-Høgeseth (plan-ID: 0545R025)
 - Skørsnøse (plan-ID: 0545R055)
 - Andstor-Tyinkrysset (plan-ID: 0545R039)
 - UH1 og UH2 i Andstor (plan-ID: 0545B007)
 - UH3 i Andstor (plan-ID: 0545B008)
 - Ingrids hyttegrend (plan-ID: 0545R087)
 - Tyinkrysset fjellstue med alpin (plan-ID: 0545R086)

Kommunestyret 05.09.2019:

Behandling:

Ove Gjesdal frå Visit Lillehammer orienterte om utviklingstrendar innan destinasjonsturisme, anbefalingar for utvikling på Tyin/Filefjell og andre erfaringar. Han svarte på spørsmål. Rådmannen innleia saka og arealplanleggjar Magnus Lajord presenterte saksframlegget og svarte på spørsmål.

Kommunedelplanen blei diskutert og det blei gruppemøter.

Stein Inge Sæternes (BiV) stilte spørsmål om planen var juridisk holdbar.

Tom Kjetil Tørstad (SP) stilte spørsmål og administrasjonen hadde fått tilstrekkeleg med tid til å førebu saka.

Leif Solemsli (BiV) meinte at ein kunne ta seg meir tid. Rådmannen svara at ein alltid kan bruke meir tid og ressursar på å utgreie ein så stor og kompleks sak. Rådmannen sa vidare at spørsmålet kommunestyret må ta stilling til er om saksframlegget frå rådmannen er godt nok som grunnlag for å fatte vedtak.

Det blei ikkje fremma forslag om at saksframlegget hadde vesentlege manglar som beslutningsgrunnlag.

Det blei ikkje fremma forslag om at saka måtte utsetjast grunna manglar i saksframlegget. Leif Solemsli, BiV fremja eit slik forslag til vedtak:

- *Kommunedelplan for Tyinkrysset utsettes og det arbeides mot en mer bærekraftig plan i samarbeid mellom Vang kommune, grunneiere og utbyggere*
- *Gjeldende bygge- og deleforbud oppheves. Gjeldende planer søkes om nødvendig tilpasset forslaget til ny KDP som foreligger pr. dato*
- *Parallelt med planarbeidet skal det mellom grunneiere, utbyggere og Vang kommune skapes en arena for planlegging og finansiering av fellestiltak i planområdet»*
- *«Endelig kommunedelplan skal ferdigstilles innen sommeren 2020 – om nødvendig med ekstern kompetanse.*

Forslaget blei trekt då Torstein Lerhol, SP fremja sitt forslag til vedtak.

KS- 052/19 Vedtak:

Innhabilitet: Tom Kjetil Tørstad stilte spørsmål om eigen habilitet då han har næringsinteresser i området. Det blei diskutert om han var innhabil for heile kommunedelplanen eller berre ved ein spesifikk del av planen.

Vedtak: Tom Kjetil Tørstad blei erklært innhabil i heila saka i henhold til §6, 2. ledd i fvl (særeigne forhold.) som heimel. 15 mot 1 stemmer. Kari Bø Wangensteen (SP). Han forlet bordet under behandlinga.

Torstein Lerhol fremja eit slik forslag til vedtak:

Som framlegg til vedtak med følgende endring/tillegg:

- Rekkeføljelekav om finansiering av Andsorheis tas ut av planen.
- Reguleringsplan «Tyinkrysset» legges inn i planen på lik linje som «Synhaugplan».

Forsлага blei stilt opp i mot kvarandre ved votering.

Vedtak: Forslaget til Rådmann blei vedteke med 11 mot 5 stemmer.

For forslaget til Torstein Lerhol:

Geir Kongslien (SP)

Knut Rogn Tveit (SP)

Torstein Lerhol (SP)

Leif Solemsli (BIV)

Stein Inge Sæternes (BIV)